Dei Daude Steig Av Grav

Vreid

Så grå var ingen vår vel før
Som våren i år
Det er som om sjølve ljoset blør
Av hemmelege sår
Sola skinner, men i vinterblåst
Den kuldsker også den
Ein likkvit flekk av sjelefrost
Har merka land og menn
Det isnar over skog og myr
Grått ligg land og hav
Det er som med kvar dag som gryr
Dei daude steig av grav
Ja, det er våren frå i fjor
Som spøkar, går igjen
Bleik, blodig og dødningsflor
Ja, det er atter den
Dei møter oss så bitter kjent
Den vårens bleika drag
Dei stirar på oss ufråvendt
Kvar ny og bitter dag
Det mørknar kveld, det grånar gry
Så bleikt og utan smil
Det er som kvar dag på ny
Den niande april

Ein vår som ingen sumar fekk
Skal frelaus gå igjen
Som gjenferd bakom ord og blikk
Hjå alle norske menn
Men denne bleike gjenferdsvår
Står brennande i knopp
Med arr ved arr, med sår ved sår
Som dagleg spring opp
Hald ut, hald ut, blir alder trøytt
La bak kvart knoppet arr
Vår framtid bruse sumarheit
Frå hjartas offerkar
Til dagen kjem, timen slår
Er kvar dags doven kvil,
Kvar dag du feig og motlaus går,
Ein niande april

Sponzor: www.srovnavac.cz - vyberte si pojištění online!